

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep.
0032 OSLO

Dok. nummer 22/10594-5

Deres referanse:

Vår dato: 12.09.2022

Vår referanse: Gro Smedsrud

Svar på høyring - forskrift om opptak til høgare utdanning for opptaksåret 2023-2024

Universitetet i Sørøst-Noreg (USN) viser til høyringsbrev frå Kunnskapsdepartementet 15.06.2022 med forslag om endringar i forskrift om opptak til høgare utdanning.

USN er samd i forslaga om endringar i § 4-5 og 7-1. Når det gjeld forslaget om endring av § 7-12, tredje ledd er USN usamd og vil argumentere for å halde på gjeldande regel.

Til § 4-5. Spesielle opptakskrav til enkelte økonomiske og administrative fag, fjerde og femte ledd

USN har ingen merknader til endringane i § 4-5 om spesielle opptakskrav til enkelte økonomiske- og administrative fag, fjerde og femte ledd.

Til § 7-1. Generelt om rangering og kvotar, sjette ledd

USN er samd i forslaget om å ta ut § 7-1 (6). Universitetet har sidan etableringa i 2016 konsekvent nytta ventelister via felles studentsystem (FS). USN gir støtte til argumenta frå HK-dir/SO.

Til § 7-12. Rangering av søkjarar som ikkje kan poengbereknast, tredje ledd

USN er ikkje samd i å fjerna innhaldet i tredje ledd; *"I vurderinga skal opptaksorganet leggje vekt på søkjarens reelle kvalifikasjonar for studiet, mellom anna norskunnskapane til søkjaren"*.

HK-dir/SO meiner at tredje ledd er overflødig og grunngeve det med at grunnlaget for rangering er slått fast i § 7-1 (3); *"Grunnlaget for rangering er den dokumentasjonen som kvalifiserer søkjaren for eit studium"*. USN peiker på at § 7-1 er generell og gjeld for rangering av ulike søkjargrunnlag, både dei som kan poengbereknast og dei som ikkje kan poengbereknast. § 7-12 (3) utdjupar reglane for rangeringa av søkjarar som ikkje kan poengbereknast.

USN er samd med HK-dir/SO at grunnlaget for kvalifisering også er grunnlaget for rangering, og at det ikkje skal tas inn nye grunnlag for rangering som ikkje inngår i grunnlaget for kvalifisering. Å vektleggje norskkunnskapane er viktig og tenleg både for søkjarane som skal lukkast i studia, og for fagmiljøa som får studentar med det beste grunnlaget for å fullføre.

USN meiner det er formålstenleg å behalde ein tydeleg heimel for å kunna leggje vekt på søkjarens kunnskapar i norsk i samband med rangering av søkjarar som ikkje kan poengbereknast.

Helsing

Ingvild Marheim Larsen

Viserektor for utdanning og studiekvalitet
Avdeling for utdanning og studiekvalitet

Gro Smedsrud

Seniorrådgiver
Seksjon for opptak

Dokumentet er godkjent elektronisk, og har av den grunn ikkje handskriven signatur.

Liste over kopimottakere:

Samordna Opptak - Direktoratet for høgere utdanning og kompetanse